

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 16/7625-15

Fv. 613 ved Blakset - namn på tunnel

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Den nye tunnelen mellom Blakset og Robbjørgane på fv. 613 ved Blakset i Stryn kommune får namnet Blaksetunnelen.

Vedlegg:

Fv. 698 Blaksetunnelen. Sogn og Fjordane fylkeskommune må vedta tunnelnamn

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I samband med utarbeiding av reguleringsplan for ny tunnel mellom Blakset og Robbjørgane i Stryn kommune skal det fastsettast namn på den nye tunnelen. Plassering av tunnelen er vist i kartutsnittet nedanfor.



Statens vegvesen har gjennomført det førebauande arbeidet i namnesaka. Saka vert no lagt fram for endeleg avgjerd om namn på tunnelen.

Statens vegvesen har vurdert følgjande tunnelnamn som aktuelle:

- Blaksetunnelen
 - Tunnelen ligg like aust for bygda Blakset, som er merka med stadnamnskilt langs fylkesvegen.
 - Den nye tunnelen skal avløyse dei eksisterande tunnelane «Blakset 1» og «Blakset 2». Desse tunnelane er ofte omtalt som Blaksetunnelane.
- Gråfjelltunnelen
 - Den vestlegaste delen av tunnelen går gjennom eit fjellparti som heiter Gråfjell.
- Stolentunnelen
 - Den austlegaste delen av tunnelen går under ein ås som heiter Stolen.

Statens vegvesen har vurdert Blaksetunnelen som det beste namnet på tunnelen.

Forslaga til tunnelnamn har vore til uttale hjå Stryn kommune. Sektorutvalet for tekniske saker i Stryn kommune handsama saka i møte 24. april 2018, og konkluderte med at Blaksetunnelen var det beste alternativet.

Stadnamntenesta på Vestlandet har uttalt seg om skrivemåte. Stadnamntenesta har ingen merknader til at framlegget om gards- og bygdenamnet Blakset blir lagt til grunn. Dei viser til at det i den seinare tid er brukt tunell i staden for tunnel i ti offisielle tunnelnamnformer i Norge. Stadnamnteneste tilrår difor at skrivemåten blir Blaksetunnelen.

Andre opplysningar

I tråd med § 9 i forskrift om stadnamn skal fylkeskommunen gjere vedtak om tunnelnamnet. Etter at vedtak er gjort, skal vedtaket sendast Stryn kommune og Stadnamntenesta på Vestlandet til orientering. Stryn kommune skal kunngjere vedtaket og opplyse om klagerett etter forskrift om stadnamn, jf. §§ 9 og 10. Eventuelle klager skal sendast til fylkeskommunen.

2. Vurderingar og konsekvensar

Den planlagde tunnelen vil erstatte dei to tunnelane «Blakset I» og Blakset II, omtalt som Blaksetunnelane og ligg like aust for bygd Blakset.

Både Stryn kommune og Stadnamntenesta på Vestlandet går inn for namnet Blaksetunnelen, sjølv om Stadnamntenesta tilrår ei anna skriveform enn det som er vanleg i Sogn og Fjordane. Det bør ikkje vere eit argument i seg sjølv at 10 nye tunnelar rundt omkring i Norge no er vert skriven tunell og ikkje tunnel. Alle tunnelar i Sogn og Fjordane har skrivemåten tunnel.

4. Konklusjon

Statens vegvesen har vurdert Blaksetunnelen som det beste namnet på tunnelen. Dette har både Stryn kommune og Stadnamntenesta på Vestlandet slutta seg til. Fylkesdirektøren sluttar seg til Statens vegvesen sine vurderingar og vil tilrå at hovudutvalet godkjenner namnet Blaksetunnelen.